



Midsund kommune

**KOMMUNEDELPLAN
FOR TRAFIKKTRYGGING
2004 – 2008**



Vedteke i kommunestyret sak 038/04 den 21.11.04

INNHALD

1. INNLEIING	3
2. MÅL OG INTENSJONAR	4
3. SITUASJONEN I DAG /MOGLEGE TILTAK	5
4. MOGLEGE HALDNINGSSKAPANDE TILTAK	9
5. STØTTEORDNINGAR	10
6. PRIORITERTE TILTAK	11
7. VEDLEGG :	
1. Prioritering av prosjekt til og med 2008	
2. Prioritering av haldningsskapande arbeid til og med 2008	

1.INNLEIING

Sitat frå Trygg trafikk:

Stat, fylke og kommune

Trafikksikkerhetsarbeidet drives på flere nivåer, og ansvaret for trafikken i ditt område er delt mellom en rekke organer i stat, fylke og kommuner.

SENTRALT NIVÅ:

Samferdselsdepartementet har et "overordnet ansvar for det nasjonale trafikksikkerhetsarbeidet", heter det i Vegtrafikkloven.

Prøver en å finne hvor det reelle ansvaret ligger for å utforme og gjennomføre trafikksikkerhetstiltak på alle forvaltningsnivåer, fremstår et temmelig komplisert bilde. Ansvaret er delt mellom en rekke organer i stat, fylker og kommuner. Flere av de ulike instansene arbeider på flere nivåer, f.eks. er politiet og Statens vegvesen viktige utøvere både på fylkes- og kommunenivå.

Trygg Trafikk har med støtte fra det offentlige bl.a. som oppgave å samordne det frivillige trafikksikkerhetsarbeidet vis a vis sentrale myndigheter, samtidig som organisasjonen samarbeider med frivillige interesser på alle nivåer og ellers er engasjert også på fylkes- og kommunenivå.

FYLKESNIVÅ:

Fylkeskommunen har ansvar for å tilrå og samordne trafikksikkerhetstiltak i fylket.

Dette er vanligvis ivaretatt ved at fylkeskommunene har oppnevnt særskilte utvalg - fylkets trafikksikkerhetsutvalg (FTU) eller administrative utvalg - som benytter Vegkontorene (Statens vegvesen) som sekretariat. Tiltakene som utvalgene behandler, omfatter oppgaver innen opplæring, informasjon og kontroll som hører hjemme i flere myndigheters budsjetter.

KOMMUNENIVÅ:

Det er ingen formell lovhjemmel eller prosedyre for hvordan kommunene skal drive sitt trafikksikkerhetsarbeid.

Aktivitetsnivået og kvaliteten på arbeidet kan variere mye fra kommune til kommune, fra å være ad-hoc-preget til mer systematiske planer som inngår i kommunenes langtidsplaner. Det er blitt stadig mer vanlig å utarbeide kommunale trafikksikkerhets-planer for å få oversikt over hva som trengs av tiltak - og hvor mye dette vil koste.

Midsund kommunestyre godkjende gjeldande plan i møte den 14.06.01, K.sak 01/043

I Midsund kommune er det ønskeleg, både politisk og administrativt, at det blir utarbeidd ei "liste" over prioriterte tiltak knytt til trafikktryggingsarbeidet lokalt.

No når trafikktryggingsplana for Midsund kommune blir rullert, er det viktig at denne blir følgd opp både når det gjeld prioritering av tiltak og gjennomføring av desse. Dette inneber at administrasjonen og politikarane må bruke planen aktivt i t.d. budsjett- og økonomiplanarbeid.

2. MÅL OG INTENSJONAR

Vi kan ikkje heilgardere oss mot ulykker i kommunen, men kan leggje forholda til rette for ein tryggare kvardag i trafikken.

Førebyggjande og haldningsskapande arbeid er ein viktig del av det generelle trafikktryggingsarbeidet i kommunen vår.

Felles for barn i småskulen er at sidesyn og hørsel ikkje er fullt utvikla. Dei kan ikkje vurdere kvar lydar kjem frå, og har vanskar med å vurdere avstandar. Dette gjer at forholda bør leggjast til rette for barna som ferdast i trafikken.

Visjon for trafikktryggings-arbeidet i Midsund:

- I kommunen vår skal ingen bli drepne eller skada i trafikken.

Mål for trafikktryggingsarbeidet i Midsund:

- Systematisk utbetring av vegnettet.
- Leggje forholda spesielt til rette for barn og ungdom som ferdast i trafikken.
- Kunnskap og haldningsskapande arbeid skal bidra til å skape tryggleik i trafikken.

3. SITUASJONEN I DAG / MOGLEGE TILTAK

På kvardagane er om lag 230 skulebarn på veg til skule eller heim i kommunen vår. Dei opplever svært ofte skulevegen som trygg, men foreldra er uroa for barna sine når dei ferdast langs veggen. Dette kjem klart fram gjennom ei spørje-undersøking som administrasjonen gjennomførte i samband med oppstart av planarbeidet.

Barn i småskulen nyttar i stor grad offentleg skuleskyss. I kommunen vår er det mangel på busslommer. Det gjer at av- /påstiging til bussen kan skape farlege situasjonar.

Dei siste åra spesielt, har ”råkjøring” gitt ein ukultur blant unge bilførarar. For å få bukt med dette må det vere eit samarbeid mellom offentlege ”etatar”, velforeningar, foreldre og bilførarane.

I førge planperiode fekk heile Rv - 668 i kommunen fast dekke. Standarden på vegane i kommunen er for dårleg. Vi slit enno med grusdekke både på fylkes -og kommunevegane, noko som medfører store problem ved t.d. teleløysing. Dei vegane som har fast dekkje, treng og opprusting med omsyn til kurvatur (horisontalt og vertikalt) og breidde. Veggen gjennom ”Setkleiva” er spesielt trafikkfarleg.

Formannskapet vedtok den 15.09.04

sak 04/032 ein uttale frå kommunen til Statens Vegvesen vedk. ”Tiltak på stamvegar, andre riksvegar og fylkesvegar”.

Vedtaket er innarbeidd i planen.

Vidare følgjer ei oversikt over konkrete problemområde og forslag til tiltak som vil bidra til å auke trafikktryggleiken:

1. Gang- og sykkelveg langs riks –og fylkesvegar

➤ **Planleggje gangveg Aksla - Rakvågen.**

Dette området har tettest busetting i kommunen og også det området der det framleis er ei viss auke i folketalet. Ein gangveg vil kunne sikre trygg tilkomst til sentrumsfunksjonar og fritidsaktivitetar for ein stor del av innbyggjarane i kommunen.

➤ **Planleggje gangveg Midsund – Ramberg m/ Midsundbrua**

Det er behov for planlegging og snarleg bygging av gangbru på utsida av Midsundbrua for å trygge ferdsla til mjuke trafikantar. Gangbru vil gi tilgang til eit større område for utbygging av nye sentrumsnære bustadområde. Sterkt trafikkert område utan gangveg.

➤ **Gangveg, X ved gamle aldersheimen til snarvegen mot Lyngja”**

Behov for gangveg/fortau.

➤ **”Raknesbakken”**

Veggen er smal og uoversiktleg. Behov for gangveg/fortau.

➤ **Planleggje gangveg Raknes skule – Tangen**

Frå Bukta til Tangen er det fast dekkje på fylkesvegen. Veggen er smal og det er lagt fram ønskje frå bebuarane om opparbeiding av gangveg i dette området, spesielt frå Raknes skule til Tangen.

2. Buslomme/stopp

- **Busslomme ved Midsund Skule**
Mange barn i området når fleire bussar kjem inn i busslomma. Vanskeleg for barna å vite kvar ”deira” buss stoppar. Behov for ”køsystem” i busslomma.
- **”Gamle Ugelvik skule”/ Otrøy kyrkje**
Skulebarna går av bussen for å skifte buss som går til Ugelvik og Magerøy . Behov for busslomme i området.
- **Blø/Ramberg**
Mange barn i området som tek bussen til og frå skulen. Behov for busslomme på begge sider av riksvegen.

3. Veg –og veglys riks, fylkes –og kommunevegar

- **Veglys gjennom Stormyra, 700 m.**
Ved hjelp av tilskot frå Statens Vegvesen har kommune opparbeidd gangveg gjennom Stormyra. For å få maksimal bruk av gangvegen må det først opp veglys i det aktuelle området.
- **”Snarvegen” frå Kolbeingjerdet til Midsund skule**
Behov for veglys.
- **Veglys frå Silvervegen til tidlegare Raknes samvirkeleg – 600 m**
Veglys må kompletterast.
- **Strekninga Ramsvik – Rosvik**
Behov for meir veglys.
- **Oppatsetjing av nye lys i X til Midøy skule + komplettering/justering opp til skulen**
Veg arbeid med nyvegen bli lys revet og ikkje sett opp igjen, samt justering av lysa opp til skulen.
- **”Ytre Midsund”**
Behov for noko veglys.
- **Komplettering veglys frå Raknes skule til Tangen**
Behov for veglys på deler av strekninga ca. 700 m
- **Jenset/Reiten bustadfelt – ”Høgtun” (Nord Heggdal kapell) 600 m**
Bygdelag med 9 ungar som går til busstopp med auke av ungetalet til 13.
- **Tranvoll – Gangstadkrysset 250 m**
Veglys
- **Veglys Gangstadkrysset og Skulekrysset**
Behov for veglys 350 m.
- **Gamle Aldersheimen - Coop**
Behov for veglys. Manglar ca 6 lys.
- **Gangstadkrysset til X ved Frits Malvin Raknes(kommunevegen)**
Veglys der ungane går til Midøy skule.

- **Sjøslettevegen**
Kompletering veglys ca. 4 – 5 stk
- **Søre Midøy/Gangstad bustadfelt**
Behov for veglys.
- **”Fylkesveg frå kryss ved ”gamle aldersheimen” og sørover”**
Smal og uoversiktleg. Behov for utviding av vegen og evt. fleire veglys.

4. Skilting/rekkverk

- **Raknes barnehage**
Autovern frå X Tangen til Bygdheim for å sikre barnehagen mot evt. utforkjøyring.
- **Raknes barnehage**
Fareskilt for å gjere trafikantane oppmerksom på barnehagen
- **”Ytre Midsund”**
Behov for noko skilting.
- **Kommune- og fylkesvegane i heile kommunen**
Behov for betre skilting generelt.
Utskifting av ”misfarga” skilt.

5. Fartsgrense og farts - reduserande tiltak

- **”Lyngja”**
Høg fart i bustadområdet. Behov for fartsdempande tiltak.
- **”Ytre Midsund”**
Høg fart i bustadområdet. Behov for fartsdempande tiltak.

6. Tiltak på Rv 668

Ny riksveg gjennom Midsund sentrum.

I Midsund sentrum har Kommunestyret godkjent trase for ny riksveg gjennom sentrum. Arbeidet med detaljplanlegging og bygging av denne vegen må setjast i gang. Eksisterande veg er utan gangveg, er smal og har mange trafikkfarlege område. Bygging av gangveg langs denne riksvegen er komplisert arealmessig og vurderast som svært kostnadskrevjande. Ved å bygge ny riksveg med gangveg, vil det vere unødvendig å bygge gangveg langs eksisterande riksveg, då mesteparten av trafikken vil følge ny trase.

- **Gangveg Midsund bru**
Det er behov for planlegging og snarleg bygging av gangbru på utsida av Midsundbrua for å trygge ferdsla til mjuke trafikantar. Gangbru vil gi tilgang til eit større område for utbygging av nye sentrumsnære bustadområde.

➤ **Utbetring av strekningen Solholmen Sundsbøen.**

Vegen er smal, stedvis berre ei kjørebane (Setkleiva), og svært dårleg horisontal kurvatur. Deler av vegstrekninga bør og sikrast med tanke på ras.

➤ **Fergerute 22 og 30**

For liten kapasitet og regularitet slik at dei som kjører til ferja har for ”stor” fart.

7. **Tiltak på fylkesveg :**

202 innsida av Otrøy, 203 Tangen og 204 innsida av Midøy

Orset – Gangstad

Primært ønske om fast dekke på heile strekninga på sørsida av Otrøy og Midøy.

Dersom utbygginga må skje etappevis ønskjer vi slik prioritert rekkefølge:

- a. Gangstad - Oksvollneset og Orset - Sør-Heggdal. Kommunestyret har godkjend reguleringsplan for strekningane Gangstad - Oksvollneset og Orset - Sør-Heggdal. Utbetring og dekkje-legging av vegen innanfor dette planområde kan derfor starte umiddelbart.
- b) Utbetring og dekkjelegging av resterande del av fylkesvegar på sørsida av Otrøya og Midøya. Det er viktig å starte planlegginga for utbetring og fast dekkje på resterande del av fylkesvegane på sørsida av Otrøya og Midøya. Med tanke på resultatet av det arbeidet som blei gjennomført på riksvegen på nordsida av Midøya, må Midsund kommune stille krav om at utbetring blir planlagt.

➤ **Raknesbakken**

Raknesbakken fekk ”gangveg ” på toppen som ikkje er blitt gjort ferdig av Statens vegvesen.

Bakken er bratt og uoversiktleg. Må ta kontakt med Statens vegvesen for å undersøke når dei skal ferdigstille anlegget. Dette kom fram i samtale med SRB.

➤ **Breiddeutviding av fylkesvegen**

Solholmen til Jenset

Denne vegstrekninga er smal og uoversiktleg. Breiddeutviding må vurderast.

➤ **Raknes barnehage**

Autovern frå X Tangen - Bygdheim for å sikre barnehagen ved utforkjøring

➤ **Breddeutviding og forsterkning av bru på Nord-Heggdal**

Brua ligg mellom to bakketoppar, og er smalare en vegen.

➤ **Fylkesveg 202 på innsida av Otrøy frå Midsund -**

Smal og uoversiktleg. Behov for utviding av vegen og evt. fleire veglys.

- **”Fylkesvegen på sørsida av Otrøya”** Mangel på autovern langs store delar av vegen. Spesielt farleg mellom Jenset og Solholmen. *Behov for autovern fleire stader.*

➤ **Høgsetbakken**

Spesielt vanskelege kjøreforhold vinterstid og i teleløysinga. *Behov for vegutbetring.*

4. Mogelege handlingsskapande tiltak

Gjeld barn frå 3 til 6 år

- *Kollektiv innmelding i "Barnas trafikkklubb".*
- *Besøk i barnehagane av politi.*
- *Trafikkopplæring i barnehagen.*
- *Sikring av barn i bil*

Gjeld barn frå 6 til 10 år

- *Skuleveg og skuleskyss. Opplæring i elementær trafikkforståing for 6- åringane, og utdeling av refleksvestar.*
- *Generell trafikkopplæring i grunnskulen.*
- *Besøk av politi.*
- *Opplæring vedr. god framferd på skulebussen.*

Gjeld barn frå 10 til 13 år

Sykkelopplæring, sertifikat.

- *Sykkelen sin tekniske stand.*
- *Refleksdemonstrasjon – kvifor bruke refleks ?!*

Gjeld ungdom frå 13 til 16 år

"Det er ikkje tøft å være død. "

Førstehjelpskurs.

- *"Kjære søster" - ein kampanje om kjensler etter ei bilulykke.*
- *Mopedopplæring som valfag.*
- *Rusavtaler med ungdommar.*
- *Møte med ungdommen, jf. folkemøte som ei velforeining i kommunen vår arrangerte i 1999. (Lensmann, innbyggjarar generelt og ungdomar spesielt møtast.)*

Gjeld ungdom frå 16 og oppover

- *Møte med ungdommen, jf. folkemøte som ei velforeining i kommunen vår arrangerte i 1999. (Lensmann, innbyggjarar generelt og ungdomar spesielt møtast.)*

Gjeld foreldre

- *Korleis vere eit godt førebilde for barn og ungdom i trafikken.*
- *Kurs i førstehjelp. (Spesielt m.o.t. barn som blir utsett for trafikkskade)*
- *Korleis gi barn og ungdom gode haldningar til trafikk- og rusproblematikk generelt.*

5. STØNADSORDNINGAR

Tilskot til trafikktrygging

Innanfor tilskotsprogramma til fylkesvegar, legg Samferdsels-departementet opp til ei prioritering av "Tilskot til trafikktrygging".

Desse tilskota skal nyttast til å sikre skulevegen til barn gjennom fysiske tiltak i tilknytning til kommunale og fylkeskommunale vegar.

Enkeltprosjekt/-tiltak skal vere detalj planlagt før det blir søkt om tilskot, jf. retningsliner for tildeling av tilskot. Det statlege tilskotet dekkjer 50 % av kostnadene til fysiske trafikktryggingstiltak. Kommunen dekkjer 50%.

Tildeling av ovannemnde midlar frå og med år 2001, føreset at kommunane har utarbeidd trafikktryggingssplanar.

Materiell til trafikktryggingssarbeid

Trygg Trafikk er ein av fleire aktuelle organisasjonar ein kan hente hjelp og materiell frå i det daglege trafikktryggingssarbeid.

6. PRIORITERTE TILTAK

I økonomiplan for 2004 – 2008 er det sett av kr 300.000,- kvart år til fylkesvegprosjekt/ aksjon skuleveg. Prosjekt som ikkje er finansiert på anna måte, kan finansierast gjennom desse midlane.

1. Veglys gjennom Stormyra.

Ved hjelp av tilskot frå Statens Vegvesen har kommune opparbeidd gangveg gjennom Stormyra. For å få maksimal bruk av gangvegen må det først opp veglys i det aktuelle området.

2. Raknes barnehage

Autovern frå X Tangen til Bygdheim for å sikre barnehagen mot evt. utforkjøring.

3. Raknesbakken

Raknesbakken fekk ”gangveg ” på toppen som ikkje er blitt gjort ferdig av Statens vegvesen. Bakken er bratt og uoversikleg. Må ta kontakt med Statens vegvesen for å undersøke når dei skal ferdigstille anlegget. Dette kom fram i samtale med SRB.

4. Orset – Gangstad

Primært ønske om fast dekke på heile strekninga på sørsida av Otrøy og Midøy.

Dersom utbygginga må skje etappevis ønskjer vi slik prioritert rekkefølge:

a. Gangstad - Oksvollneset og Orset - Sør-Heggdal. Kommunestyret har godkjend reguleringsplan for strekningane Gangstad - Oksvollneset og Orset - Sør-Heggdal.

Utbetring og dekkje-legging av vegen innanfor dette planområde kan derfor starte umiddelbart.

b) Utbetring og dekkjelegging av resterande del av fylkesvegar på sørsida av Otrøya og Midøya.

Det er viktig å starte planlegginga for utbetring og fast dekkje på resterande del av fylkesvegane på sørsida av Otrøya og Midøya. Med tanke på resultatet av det arbeidet som blei gjennomført på riksvegen på nordsida av Midøya, må Midsund kommune stille krav om at utbetring blir planlagt.

5. Utbetring av strekingen Solholmen Sundsbøen.

Vegen er smal, stedvis berre ei kjørebane (Setkleiva), og svært dårleg horisontal kurvatur.

Deler av vegstrekninga bør og sikrast med tanke på ras.

6. Ny riksveg gjennom Midsund sentrum.

I Midsund sentrum har Kommunestyret godkjent trase for ny riksveg gjennom sentrum.

Arbeidet med detaljplanlegging og bygging av denne vegen må setjast i gang. Eksisterande veg er utan gangveg, er smal og har mange trafikkfarlege område. Bygging av gangveg langs denne riksvegen

er komplisert arealmessig og vurderast som svært kostnadskrevjande. Ved å bygge ny riksveg med gangveg, vil det være unødvendig å bygge gangveg langs eksisterande riksveg, då mesteparten av trafikken vil følge ny trase.

7. Bredeutviding og forsterkning av bru på Nord-Heggdal

Brua ligg mellom to bakketoppar, og er smalare en vegen.

8. Komplitering av nye lys i X til Midøy skule + completering/justering opp til skulen

Veg arbeid med nyvegen bli lys revet og ikkje sett opp igjen, samt justering av lysa opp til skulen.

9. Planleggje gangveg Aksla-Rakvåg.

Dette området har tettest busetting i kommunen og også det området der det framleis er ei viss auke i folketalet. Ein gangveg vil kunne sikre trygg tilkomst til sentrumsfunksjonar og fritidsaktivitetar for ein stor del av innbyggjarane i kommunen.

10. Veglys gamle aldersheimen - Coop Midsund

Behov for meir veglys. Manglar ca 6 lys

11. Veglys mellom Gangstad -og Skulekrysset

Nye veglys

12. Planleggje gangveg Midsund – Ramberg m/ Midsundbrua

Det er behov for planlegging og snarleg bygging av gangbru på utsida av Midsundbrua for å trygge ferdsla til mjuke trafikantar. Gangbru vil gi tilgang til eit større område for utbygging av nye sentrumsnære bustadområde.

13. Planleggje gangveg Raknes skule – Tangen

Frå Bukta til Tangen er det fast dekkje på fylkesvegen. Vegen er smal og det er lagt fram ønskje frå bebuarane om opparbeiding av gangveg i dette området, spesielt frå Raknes skule til Tangen.

14. Søre Midøy/Gangstad bustadfelt

Behov for veglys

15. Kompletering veglys frå Raknes skule til Tangen

Behov for veglys på deler av strekninga, ca. 700 m

16. Jensen/Reiten bustadfelt – ”Høgtun” Nord Heggdal kapell

Bygdelag med 9 ungar som går til busstopp med auke av ungetalet til 13.

Kommunedelplan for trafikktrygging

Prioritering av prosjekt til og med 2008

Prioritet	År	Vegtype:	Tiltak:	Kostnad:	Kommunal kostnad:	Ansvar:
			UTFØRT I PLANPERIODEN 2001- 2004			
	2001	Fylkesveg	Utarbeide reg.plan for strekninga Gangstad - Oksvollneset	80 000	80 000	Kommune/Fylke
	2001	Riksveg	Bygging av gangveg/fortau frå Midsund S-lag til Midsundbrua	1 059 000	859 000	Kommune/Stat
	2001	Kommunal	Oppføring av gatelys frå Tangen til Båtneset Ca.	100 000	100 000	Kommune
	2001	Fylkesveg	Oppføring av veglys ved Bygdheim	80 000	80 000	Kommune
	2002	Kommunal	Oppføring av gatelys langs Industrivegen til Kolbeingjerdet	140 000	140 000	Kommune
			PLANLAGT			
1	2004/05	Kommunal	Oppføring av veglys gjennom Stormyra, 900 m	400 000	400 000	Kommune/Stat
2	2005	Fylke	Raknes barnehage - Autovern X Tangen til Bygdheim	-	-	Fylke
3	2005	Fylke	Slutføring Raknesbakken	-	-	Fylke
4	-	Fylke	Ny veg Orset – Gangstad	-	-	Fylke/ kommune
5	-	Stat	Utbetring av strekningen Solholmen - Sundsbøen.	-	-	Stat/kommune
6	-	Stat	Ny riksveg gjennom Midsund sentrum.	-	-	Stat/kommune
7	-	Fylke	Breddeutviding og forsterkning av bru på Nord-Heggdal	-	-	Fylke
8	2005	Fylke	Kompletering av nye lys i X til Midøy skule, kompletering/justering opp til skulen 100r	65 000	65 000	Kommune
9	2005	Stat	Veglys gamle aldersheimen - Coop Midsund, 100 m	50 000	50 000	Stat/kommune
10	2005	Fylke	Veglys Jensen/Reiten bustadfelt – ”Høgtun”(Nord Heggdal kapell), 500 m	85 000	85 000	Fylke/ kommune
11	2005	Kommune	Skiltpplan	50 000	50 000	Kommune
12	2006	Kommune	Kompletering gatelys Sjøsløttavegen - NYTT PUNKT	100 000	100 000	Kommune
13	2006	Kommune	Veglys Søre Midøy / Gangstad bustadfelt	105 000	105 000	Kommune
14	2006/07	Stat	Veglys mellom Gangstad -og skulekrysset, 400 m	130 000	130 000	Stat/kommune
15	2007	Stat	Planlegging av gangveg på strekninga Aksla-Rakvågen. ca. 4000m	75 000	75 000	Stat/kommune
16	2007	Stat	Planlegging av gangveg Midsund – Ramberg m/ Midsundbrua ca. 900 m	19 000	19 000	Stat/kommune
17	2007	Fylke	Planleggje gangveg Raknes skule – Tangen. ca 1300 m	25 000	25 000	Fylke/ kommune
18	2007	Fylke	Kompletering gatelys frå Raknes skule til Tangen, 700 m	210 000	210 000	Fylke/ kommune
19	2007	Fylke	Veglys Jensen/Reiten bustadfelt – trinn II	65 000	65 000	Fylke/ kommune
			SUM PLANLAGT	1 379 000	1 379 000	

Kommunedelplan for trafikktrygging

Prioritering av haldningsskapande arbeid til og med 2007

(A = høgaste prioritet, B = høg prioritet, C = prioritet)

Prioritet	Aldersgruppe	År:	Tiltak:	Ansvar:	Igangsett tiltak:
A	3-6 år	2005	Kollektiv innmelding i "Barnas Trafikkklubb"	Oppvekst	Nei
B	3-6 år	2004-2008	Trafikkopplæring i barnehagane	Barnehage/politi	Ja
A	6 år	2004-2009	Skulevegen og skuleskyss, opplæring i elementær trafikkforståing	Skule/politi	Ja
B	6 år	2004-2010	Utdeling av refleksvestar	SVV/politi	Ja
A	6-10 år	2004-2011	Generell trafikkopplæring	Skule/politi	Ja
A	6-10 år	2004-2012	Opplæring om god framferd på skulebussen,demostrasjon i mørke, refleksvest	SRB/skulen/politi	ja
B	10-13 år	2004-2013	Sykelopplæring, teknisk stand, sertifikat (sykkeldag)	Skule/politi	Ja
C	13-16 år	2004-2008	Det er ikkje tøft å vere død	Trygg trafikk/skulen	Ja
A	13-16 år	Kvart 3. År	Førstehjelpskurs	Skulen/helsesøster	Nei
C	Frå 13 år	Ved behov	Arbeide for etablering av motorsportmiljø med org. Opplæring	MC-klubb/Oppvekst	Nei
C	13-16 år	2004-2008	Kjære søster - kampanje om kjensler etter ei bilulykke	Trygg trafikk/skulen	Ja
C	15-16 år	2004-2009	Mopedopplæring som valfag	Skulen	Ja
B	16 år	Ved behov	Rusavtalar med ungdomar	Skule/lag/org.	Ja
A	alle	Ved behov	Møte om trafikktrygging basert på faktiske hendingar i nærmiljøa	Velfor./kommune/politi	Ved behov
A	Foreldre	2004 - 2008	Trafikktryggingskveld med førstehjelpskur om barn og trafikkskader	Oppvekst/politi/helsesøster	Ved behov
A		2000-2005	Laserkontrollar for å minske farta	Politi	Ja
B		2000-2005	Biltbelt-, verne- og teknisk kontroll	Politi /SVV	Ja
A		2000-2005	Promillekontrollar	Politi	Ja